



Store vassmengder førte til mange nye elvefar.

Etter at vi tidlegare i veka hadde såpass kaldt ver at det vart bra med snø til fjells, har temperaturen no stige til 8-9 grader. Dette har ført til snøsmelting i fjellet. Saman med svært store nedbørmengder fører dette til at det fløymer over både her og der. Tydelegast viser dette rundt Tverrelva ned frå Hauglandsfjellet.

Medan Englafjellssida ser meir normal ut slik den er i regnver, har Tverrelva fått selskap av svært mange småelvar. Det er tydeleg at det er ekstraordinært store vassmengder som skal ned fjellsida mot Haugland og Kjærland. Dette vert forklart med at snøsmeltinga må vera kraftigare på Hauglandsfjellet enn i dei høgare fjella.

Området som vi her ser elvane finn nye vegar heiter Kvitlane. Ståle Eik seier at han hugsar avdøde lærar Peder Kjærland ein gang sa at det ikkje kunne vera vanskeleg å skjønna kva det namnet kom frå. Det måtte vera 'Kvit elvane' som hadde vorte forvandla. Dette vart understreka i føremiddag!



Same området sett frå Storebru.

Veslebru klarte tidlegst i dag ikkje å svelgja under vassmengdene, men klokka 12 var vasstanden på ned. Det var likevel ein del vatn i vegbanen. Også Uskedalselva gjekk utover sine breidder. Særleg var dette synleg i området rundt Djupehølen.



Fleire bilete frå same området.



Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Ståle Eik og Thor Inge Døsland